


# HANDLINGSPLAN

2021



# HANDLINGSPLAN 2021

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er eit interkommunalt selskap, eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. I tillegg er Haugesund og Vindafjord kommunar observatørar i Samarbeidsrådet. Selskapet har forretningsadresse i Stord kommune.

*Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing.*

Føremålet vert konkretisert m.a. gjennom desse oppgåvene:

1. Fremja Sunnhordland sine interesser
2. Fremja og samordna tiltaksarbeid i Sunnhordland med særleg vekt på regional utvikling, næringsutvikling og infrastruktur
3. Vera pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland
4. Utvikla ei samordna og effektiv marknadsføring av Sunnhordland
5. Vera pådrivar for kultur – og identitetsskapande tiltaksarbeid
6. Arbeida for kommunane sine rammevilkår

Handlingsplanen er utarbeidd etter Strategisk plan for 2018-2021. Fleire prosjekt og tiltak er langsiktige og er difor nesten identiske med tidlegare handlingsplanar.

## 1. INFRASTRUKTUR

### 1.1 Samferdsle

Arbeidet med å betra samferdselsløysingane internt i regionen og mot omverda er eit langsiktig og krevjande arbeid. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har så langt vore ein aktiv pådrivar for å sikra felles regionale prioriteringar innanfor denne sektoren, noko som har resultert i realisering av fleire, store og små prosjekt. Eit prioritert satsingsområdet er å utvikle gode samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen, naboregionane og næringslivet for å gjera det meir sannsynleg at samferdselsprosjekt i vår region vinn fram i dei nasjonale prioriteringane. Ei brei forankring av arbeidet i Vestland fylkeskommune er avgjerande for å lukkast.

### Ny nasjonal transportplan

Nasjonal Transportplan 2022 – 2033 skal leggest fram våren 2021 og det er viktig at regionen når fram med dei viktigaste samferdselsprosjekta.

### Prioritert arbeid 2021:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil vera proaktive i arbeidet sitt med å fremma regionen sine interesser, heilt fram til ny plan blir lagt fram våren 2021. Ein vil påverka prosessen i alle dei kanalar som ein kan for å få fram sakene som er viktige for regionen.

### 1.1.1 E39

Realisering av ein ferjefri kyststamveg E39 har vore og er ei sentral arbeidsoppgåve for Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

I Nasjonal transportplan 2018-2029 er det lagt 14 mrd. kroner til bygging av E39 Stord- Os, Hordfast i siste del av planperioden, og 5 mrd. anna finansiering i første planperiode. Det er opna for ein tidlegare byggestart kring 2022, dersom kostnadane ved prosjektet vert redusert. Statens vegvesen har no lagt fram ein ny prognose, der kostnadane er redusert til 35 mrd. kroner.



Vestland har ein verdsløiande industri innan maritime og marine næringar. Denne teknologien og kompetansen må nyttast i utvikling og bygging av bruene over Langenuen og Bjørnafjorden. Difor må Samarbeidsrådet i sin kommunikasjon fremja innovasjon og omstillinga som ligg i prosjektet.

#### Overordna mål

Få realisert/oppstart av ferjefri kyststamveg mellom Akسدal-Os i første fireårsperiode av NTP. Sikra finansiering av arbeidet med E39 Stord-Os.

#### Delmål

- Avkorta reisetida mellom Stord og Kvinnherad, med fokus på tilknytning til E39
- Planmidlar E39 Heiane-Ådland

#### Prioritert arbeid 2021:

##### Møte med stortingspolitikarar frå Vestland

###### Fokus:

- Regionale prosjekt i NTP

##### Møte med fylkesordførar/fylkeskommunen

###### Fokus:

- Arbeida for at flest mogleg tilførselsveggar til E39 vert klassifisert som overordna.
- Avkorta reisetida mellom Stord og Kvinnherad, med fokus på tilknytning til E39



Valkampen 2013 – «Oppstart av Hordfast i 2018» (BT)

##### Møte med Statens vegvesen

###### Fokus:

- Tett dialog om Statens vegvesen sitt planarbeid
- Avkorta reisetida mellom Stord og Kvinnherad, med fokus på tilknytning til E39
- Andre tilførselsveggar til E39

## Kommunikasjonsstrategi /media

### Fokus:

- Samfunnsnytten ved bygging av Hordfast
- Prosjekt i Hordaland må ikkje setjast opp i mot kvarandre
- Trase er valt- ingen omkamp
- Vestland har ein verdslaiande industri innan maritime og marine næringar. Denne teknologien og kompetansen må nyttast i utvikling og bygging av bruene over Langenuen og Bjørnafjorden.
- Reduksjon i klimagassutslepp

## 1.2 E134

E134 Haukelivegen er den viktigaste aust – vest korridoren.

Samfunnsnytten og verdien for næringslivet med utbetring av E134 er i fyrste omgang at transporten vert raskare, rimelegare og tryggare. Det vert mindre utslepp av klimagassar og regulariteten aukar. Det må vera eit mål at E134 over Haukelifjell må handsamast som eitt prosjekt, både planmessig og økonomisk. Anleggsteknisk er det likevel naturleg med ulike byggetrinn. Røldal og Seljestad bør vere første byggetrinn.



### Overordna mål

Sikra finansiering av E134 som hovudtrasé aust – vest.

### Delmål

- Ny tunell mellom Røldal - Seljestad må vera første byggetrinn. Oppstart 2023.
- Prosjekta over Haukelifjell må ha byggestart i første planperiode og bli ferdigstilt i løpet av NTP perioden
- Bakka-Solheim inn i NTP (Bakka – Mo)
- KVVU – arm til Bergen

### Prioritert arbeid 2021:

#### Møte med stortingspolitikarar

##### Fokus:

- Viktigaste transportkorridor aust-vest
- Framskynda Haukelitunnelane slik det vart lagt opp til i noverande NTP
- KVVU - Arm til Bergen
- Bakka-Solheim (Bakka - Mo)

#### Møte med Statens vegvesen

##### Fokus:

- Tett dialog om Statens vegvesen sitt planarbeid

### 1.3 Fylkesvegnettet

Det var tidlegare forventa at ein gjennom arbeidet med Fylkesdelplan for Sunnhordland og skulle dekke behovet for ein ny samferdsleplan for Sunnhordland. Samferdsle er teken ut av planprogrammet. Difor bør regionen utarbeida ein strategi for korleis ein sikrar midlar til fylkesvegnettet i regionen.



#### Mål

Sikra finansiering til lokale og regionale veganlegg. Samferdselsplan for Sunnhordland?

#### Prioritert arbeid 2021

- Utarbeida strategi for korleis ein sikrar midlar til fylkesvegnettet i regionen
- Arbeida for å få på plass eit tenleg sykkelvegnett i Regionen
- Minst eit møte med samferdsleutvalet / representantar frå utvalet/ politisk leiing i fylkeskommunen
- Fokus på at ferjesambanda er ein del av Fylkesvegnettet
- Sikra midlar til rassikring av fylkesvegnettet. Dette gjeld særskilt fylkesveg 48, Kvinnherad og Etne.

### 1.4 Kollektivtrafikk i Sunnhordland

Snøggbåtforbindelsane, særleg mellom Kvinnherad-Etne- Stord er ikkje tilfredsstillande, både på dagtid og kveldstid. Det må arbeidast for auka rutetilbod. Det vert og lagt opp til ei satsing på "Bussen i Sunnhordlandsbassenget" som skal sjå på nye moglegheiter .

Trafikkplanen skal reviderast kvart fjerde år. Den førre vart godkjent i fylkesutvalet i desember 2015. Ved rullering må Sunnhordland vera tydeleg på sine val på prioriteringar før neste rullering

#### Prioritert arbeid i 2021

- Arbeida aktivt for å sikra gode snøggbåtforbindelsar i Sunnhordlandsbassenget og til og frå Bergen.
- Betre korrespondanse mellom dei ulike transporttilboda.
- Arbeida for å få sonekorta til å gjelda for større områder og for å få til avtalar med dei private tilbydarane og mellom dei ulike fylka.
- Vekekort for turistar i Vestland, gyldig for alle typar transport som snøggbåt, ferje og buss.
- Sikra oppstart av arbeidet med «Bussen i Sunnhordland».

## 1.6 Ferjesamband



Alle rutepakkane har vore ute på anbod, og det kan no sjå ut til at nye ferjer med gode miljøløysingar gjer ein del av sambanda færre avgangar. Dette skapar utfordringar. Samarbeidsrådet har hatt og må ha fokus på desse prosessane for å sikra betre materiell og auka ruteproduksjon i sambanda.

For dei reisande er det ein føremon med høg frekvens og høg fart for å korta ned reisetida. Dette er ein utfordring på fleire av sambanda i Sunnhordland.

Ferjesambanda er ein del av fylkesvegvegnettet. Dette inneber at «vegen» er stengt i lange periodar.

Rutepakkane på ferjesambanda i regionen har vore på anbod. På dei fleste strekningane er det sett inn nye og meir miljøvenlege ferjer. Det syner seg no at dei nye ferjene vil ha færre avgangar enn tidlegare. Dette gjev utfordringar for dei reisande.

Det har vore ein monaleg auke i billettprisane gjennom fleire år. Det er forventa ytterlegare auke ved innføring av autopass. Tappt inntekt frå gratispassasjerar vert dekkja av auke i pris på køyretøy.

Ferja mellom Stord og Kvinnherad går langs etter fjorden etter at ferjekaien på Stord vart flytta til Skjersholmane som ei mellombels løysing i 2003. Det må difor snarleg finnast ei tilfredsstillande løysing på denne utfordringa.

### **Prioritert arbeid i 2021**

- Arbeida aktivt for å få auka frekvens og opningstider på sambanda.
- Støtta opp om arbeidet med innkorting av ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord
- Sikra auke i økonomiske kompensasjon til ferjefylka for at fylka skal klara å ha eit godt nok ferjetilbod
- Sikra ein overgangsordning til fylka, som kan hjelpe fylka ekstra i dei første åra i dei nye anbodsperiodane
- Stilla krav til fylkeskommunane om å ha god nok ruteproduksjon og levelege billettprisar.
- Autopass-ordninga må justerast i samarbeid mellom stat og fylkeskommunar.
- Arbeida for at framtidige anbodsprosessar må gjennomførast med tanke på eit best mogeleg tilbod for brukarane
- Jobba fram ferjeavløysingsordningsprosjekta i regionen.

### 1.7 Bømlo Fiskerihavn Skal denne være med i 2021?

Bømlo kommune er ein av dei største fiskerikommunane i regionen. Det er eit ungt og optimistisk fiskerimiljø i kommunen. Tal på fartøy og medlemmer i Fiskarlaget er aukande dei siste åra.

Næringa er veksande og har utfordra kommunen med ynskje om etablering av ei tidsmessig



fiskerihavn i kommunen for havfiskeflåten og for kystfiskarar på Bømlo. Ei slik etablering vert og viktig for leverandørar av varer og tenester til hamna, og vil gje nye arbeidsplassar i tilknytning til hamna.

#### Prioritert arbeid i 2021

Arbeida for at Vestland fylkeskommune kan stilla forskotterings-garanti for utbygginga av fiskerihamna.

### 1.8 Flyplassen på Stord

Flyplassen er eigd av Stord kommune og Vestland fylkeskommune og er ikkje ein del av Avinor sitt system. Flyplassen er viktig for næringslivet i regionen men også for private reisande.



#### Prioritert arbeid i 2021

- Arbeida for vidareutvikling av flyplassen og sikre at den blir innlemma i statens budsjett som ei permanent FOT-rute (forplikting til offentlig tenesteyting), for perioden 1. juli 2021 til 31. mars 2024. 1. april 2024 overtar Vestland fylkeskommune flykjøpa på kortbanenetta.
- Betra kommunikasjonen mellom snøggbåt og flyplass

### 1.9 Fiber og energi

Samarbeidsrådet meiner at god tilgang til energi og fiber er viktig for ein attraktiv næringsregion. Det er viktig at regionen får ei god tilkoping mot stamnett og er ein aktiv aktør her.

#### Prioritert arbeid i 2021:

- Auka kunnskapen om prosessar knytt til etablering av overordna nett på fiber og kraft, samt næringa sine behov.
- Framtids nettkapasiteten i regionen må kartleggast. Det er forventet eit auka behov, med bakgrunn i det grønne teknologiskifte. Forsera me nettkapasitetsbarrieren vil me kunna auka vår attraktivitet for nyetableringar frå nasjonale og internasjonale lokomotiv.

## 2. REGIONAL UTVIKLING

Samarbeidsrådet er ein sentral regional utviklingsaktør og politisk samarbeidsorgan og driv aktiv påverknad for å sikra regionen og den einkilde kommune sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål.


### 2.1 Vestland

Samarbeidsrådet har arbeid med å få fylkeskommunale funksjonar til regionen, utan å ha lukkast. Fokuset vidare må vera å synleggjera at Sunnhordland er eit kraftsenter i Vestland.

Det må byggast gode alliansar med dei andre regionane i fylket.

#### Prioritert arbeid i 2021

- Arbeida for at område innan næring vert lagt til Sunnhordland.
- Vera aktive for å fremja Sunnhordland som eit kraftsenter i Vestland.
- Utanom vestlandsregionen må Samarbeidsrådet også ha fokus på dei statlege omorganiseringane. Erfaringa syner at dei statlege tenesteytingane er under press og at desse ikkje er i samsvar med organiseringa i den nye regionreforma.
- Arbeida tettare med regionråda og politikarane i det nye Vestland.



### 2.2 Rogaland som ein del av Vestland

Samarbeidsrådet meiner at Rogaland bør bli ein del av Vestland.

Haugesund kommune er positive til å gå over til Vestland, men kan ikkje gjera dette utan at fleire kommunar på Haugalandet vert med.

#### Prioritert arbeid 2021

- Tettare samarbeid med Haugalandet
- Felles møteplassar mellom regionane




## 2.3 Strategiske alliansar

For å sikra eit godt, samanhengande nytt Vestland må regionane få til eit godt og tett samarbeid.

Bergen vert eit viktig knutepunkt, både politisk og trafikalt.

### Prioritert arbeid i 2021

- Møte med Byrådet i Bergen
- Møte med Haugaland Vekst
- Møte med Hardangerrådet
- Arbeida for å få «nye» Bjørnefjord kommune som observatør i rådet.
- Regionråd og politikarar i Sogn og Fjordane.



## 3. KOMPETANSE

### 3.1 Teknisk fagskule / ingeniør utdanning i regionen

Sunnhordland har gjennom fleire tiår bygd opp ein industrikompetanse innan maritim verksemd og olje- og gass som vert etterspurt i prosjekt over heile verda. Marknaden er globalisert, og ein opplever større konkurranse frå utlandet og auka prispress. Dette fører til ein markant endring i kompetansestrukturen i industrien.

Overordna skjer det ein dreining frå ein situasjon kor bygging har vore det sentrale og over mot ein situasjon kor ingeniørarbeidet vert dominerande. Dette gjer at bedriftene i regionen står ovanfor store utfordringar i høve til å rekruttera ingeniørar. Oppstart av eit toårig fagskuletilbod starta i november 2011.

Samarbeidsrådet har sikra finansiering av tilbodet. No er finansieringa inne på Vestland fylkeskommune sine budsjett, men det har synt seg at det har vore behov for ekstra midlar ved høge søkartal.

### Prioritert arbeid i 2021

Sikra finansiering av teknisk fagskule og ingeniørutdanning i regionen.

-søke midlar til rekrutteringskampanje???

### 3.2 Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet er ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping på Vestlandet. HVL utviklar utdanningane og profesjonane med mål om å bidra til berekraftig utvikling og sjå utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen under eitt. Ambisjonen er å vidareutvikle studiestadene tett på studentar og arbeidsliv slik at den regionale utviklingsrolla vert teken betre vare på. Høgskulen på Vestlandet skal ta utgangspunkt i og byggje vidare på hovudtrekk ved vestlandsk kultur, næring og tradisjonar. Samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor skal ha tilgang på relevant, internasjonal og framtidretta kunnskap som bidreg til regional utvikling og innovasjon.



Høgskulen skal målast på om dei klare å vidareutvikla studiestadane tett på studentar og arbeidsliv slik at den regionale utviklingsrolla vert teken betre vare på. Samarbeidsrådet er ein regional utviklingsaktør, og kan ved eit tettare samarbeid med den lokale studiestaden vera med på å legge til rette for at HVL når sine mål og dermed også utvikle den kompetansen regionen til ei kvar tid treng.

Samarbeidsrådet har i sin strategiplan prioritert

- Forsking
- Nye utdanningar
- Breidde i val av utdanningar

For å lukkast med dette må kommunar og næringsliv bli enno meir kjende med dei moglegheitene som ligg i Høgskulen på Vestlandet

#### **Prioritert arbeid i 2021**

Utvikla eit tettare samarbeid med Høgskulen på vestlandet

- møteplassar
- etablera temabaserte møteplassar

### 3.3 Vidaregåande skular



Utdanningsinstitusjonane er viktig både som arbeidsplass- og yrkestilbod i regionen og som kompetansmiljø for oppdatering og utdanning av arbeidskraft.

Sunnhordland har i dag vidaregåande skular i Austevoll, Kvinnherad, Bømlo, Stord og Fitjar.

Samarbeidsrådet må arbeida for å sikra eit godt og framtidsretta skuletilbod i regionen og må vera i forkant av ein ny skulebruksplan for det nye Vestland fylke.

Skulebruksplan og regional plan for kompetanse legg føringar for arbeidet. Arbeidet må og sjåast i samanheng med dei føringar som vert lagt i det nye Vestlandet.

#### **Prioritert arbeid 2021:**

- Dialog med dei vidaregåande skulane om framtidig skulestruktur
- Dialog med arbeidslivet om framtidige behov
- Sjå på samsvar mellom linjetilbodet og arbeidslivet sitt behov
- Legge til rette for infrastruktur slik at elevar kan velja linjetilbod ved skular i andre kommunar enn sin eigen
- Dialog med Vestland fylkeskommune om planar for det vidaregåande skuletilbodet.
- Arbeida for å ta del i fleire internasjonale prosjekt

### 3.4 Fleire lærlingplassar

Nok lærlingplassar kan vera ein flaskehals i fleire fag. Dette gjeld både i offentleg og privat sektor. Kommunane dekker mange ulike fagområde og bør sjå på kva potensiale som ligg i å ta inn lærlingar.

#### **Prioritert arbeid i 2021**

- Minimum 10% auke av lærlingar i kommunane frå hausten 2020.
- Auka samarbeid mellom kommunane for å kunna gje ei fullgod opplæring

### 3.5 Regionale kompetanseteam

Vestland fylkeskommune har med utgangspunkt i «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft», eit tiltak som heiter Vestland kompetanseforum, som igjen er delt inn i regionale kompetanseforum. Administrasjonen i Samarbeidsrådet for Sunnhordland har rolla som sekretariat for Sunnhordland sitt regionale kompetanseforum, som består av sentrale personar frå næring og akademia. Dette arbeidet må og sjåast i samanheng med tiltaka under vidaregåande skule og fleire lærlingplassar.

#### **Prioritert arbeid i 2021**

- Vera ansvarleg for Regionalt kompetanseteam i Sunnhordland
- Vidareføra møteplass mellom næring, akademia og politikk for utvikling av kompetanseregionen Sunnhordland
- Gje innspel til Regional kompetanseplan i Vestland

### 3.6 Forsking- og utviklingsarbeid (FoU)

Kommunane har eit stort potensiale for å driva utviklingsarbeid som igjen kan gje betre tenester og reduserte kostnader. Det vert heile tida gjort forbetringar og endringar, men det ligg gode føresetnader for å gjera dette meir systematisk og i eit samarbeid med FoU institusjonar. Definisjonen på FoU er « *kreativ virksomhet som utføres systematisk.*»

- **Forsking** er systematisk arbeid for å skaffe til veie ny kunnskap.
- **Utviklingsarbeid** er systematisk arbeid som utnytte eksisterande kunnskap for å utvikle nye eller forbedra produkt eller prosesser.

Verkemiddelapparatet har lagt til rette for støtte til prosjekt i offentleg sektor.

#### **Regionalt forskingsfond Vestlandet (RFF Vestlandet) skal bidra til:**

- Ny teknologi og prosessar som medverkar til klimaomstilling og til eit grønt skifte.
- Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi
- Reiseliv som styrkar lokalsamfunna og gir lågt klimaavtrykk
- Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
- Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke

Fylkesmannen sine skjønsmidlar kan nyttast til FoU prosjekt, Høgskulen på Vestlandet skal stimulere til økt relevans i utdanning og forskning i samarbeidet med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep.

FoU-arbeidet kan utførast av både eige og innleigd personell.

Samarbeidsrådet har definert følgjande tiltak under FoU:

- Fleire FoU prosjekt til regionen
- Søkelys på prosjekter som fører til reduksjon av klimagassutslepp.

#### **Prioriterte tiltak i 2021**

- Gje kommunane oppdatert kunnskap om dei moglegheitene som ligg i FoU
- Bruka kunnskapen til å utarbeida gode FoU prosjekt til kommunane i regionen

### 3.7 Klima og miljø

Regionen Sunnhordland står midt i det grønne skiftet, kor olje og gass sektor i ei årrekka har forma næringslivet. Det er denne kompetansen, erfaringa og folka som i stor grad står i bresjen for den rivande utviklinga ein opplever innan nullutslepps teknologi i regionen vår. Mange spydspissprosjekt har hat sit utspring her og ein har tatt ein leiande posisjon.

FNs berekraftsmål er primissgivar for all utvikling framover. Det gjeld og offentleg sektor. I Sunnhordland har Stord kommune lansert prosjektet Nullutsleppskommunen 2030. Eit prosjekt dei sju andre kommunane har gitt si støtteerklæring til, og vil kunne hauste frå Stord sine erfaringar undervegs.

I tillegg vert det blant anna i regi av Samarbeidsrådet si reiselivsatsing og geopark Sunnhordland fokusert på berekraft innan turisme.

### Prioriterte tiltak i 2021

- Bussen i Sunnhordlandsbassenget
- Geopark Sunnhordland
- Berekraftig reiseliv
- Blått kompetansesenter i Austevoll
- Hydrogenproduksjon i Kvinnherad
- Innkjøpsmakt i høve til miljøkrav
- Prosjekt mot forsøpling
- -Havvind

## **4 HELSE**

### **4.1 Helseføretak**

Helse Fonna gir helsetenester til ei befolkning på over 170 000 i 19 kommunar på Haugalandet, Sunnhordland og delar av Hardanger.



Helse Fonna omfattar fire sjukehus og fire distriktpsikiatriske senter (DPS); Haugesund sjukehus, Stord sjukehus, Odda sjukehus og Valen sjukehus, Folgefonn DPS, Haugaland DPS, Karmøy DPS og Stord DPS.

Kommunane i Sunnhordland , utanom Austevoll, høyrer til Helse Fonna.

Som oppfølging av Nasjonal Sjukehusplan er det utarbeid ein utviklingsplan for Helse Fonna. Målet er ei helseteneste som vert opplevd som saumlaus, sjølv om det er behov for tenester frå fleire aktørar

Føremål med planen:

- Legge til rette for god og framtidretta pasientbehandling og god bruk av ressursar for å skape pasienten si helseteneste.

Planen legg opp til eit godt samarbeid på tvers av sjukehus og andre aktørar og god samhandling med kommunane.

For innbyggarane i Sunnhordland er rammene for Valen sjukehus, Stord sjukehus og reumatismesjukehuset i Haugesund svært viktige.



## **Prioritert arbeid i 2021**

- Informasjon og dialog med Helse fonna for å sikre rammer for Helse Fonna – Stord sjukehus og Valen sjukehus:
  - Styrka spesialisttilbodet
  - Utvikla samarbeidsavtalar på viktige områder
  - Fokus på omdømme av sjukehusa
  - Sikra gode og nære helsetilbod
  - Beredskap
- Arbeida for stabile rammevilkår for Reumatismesjukehuset i Haugesund.

## **5. NÆRINGSUTVIKLING**

### **5.1 Arbeida for betre rammevilkår**

Sunnhordland er ein region der industrien er svært viktig for sysselsetjing og verdiskaping.

Regionen har stor tyngde innan

- Offshore
- Skip og skipsutstyr
- Havbruk
- Prosessindustri.



*Foto: Kværner*

Ein konkurransedyktig industri vil vera avgjerande for vidareutvikling av Sunnhordland.

Samarbeidsrådet er ein sentral aktør som bindeledd mellom næring og sentrale mynde. Difor må det heile tida vera god dialog mellom arbeidslivet og Samarbeidsrådet.

For å knyta betre kontakt med næringslivet vil Samarbeidsrådet også i 2021 leggja møta sine til bedrifter i regionen, så snart regelverket rundt covid-19 tillèt det. Dette vil gje moglegheiter til å få kunnskap om ulike bedrifter og bransjar, samt at bedriftene får høve til og formidla eventuelle utfordringar dei har.

Gjennom omdømmeprojektet er det i forkant av Sunnhordlandstreffa eit Ambassadørtreff. Dette er også ein møteplass med næringslivet. Målet er å gjennomføre eit fysisk Ambassadørtreff i juni eventuelt august 2021.

Samarbeidsrådet har og sagt at det er viktig med ein til to temadagar i året det Samarbeidsrådet møter ulike bransjar.

## **Prioritert arbeid i 2021**

Tett dialog med næringslivet og sentrale mynde gjennom blant anna:

- Tema møter med ulike næringer
- Møter i Samarbeidsrådet lagt til bedrifter i kommunane
- Ambassadørtreff i regi av omdømmeprojektet
- Møte med toppleiarforum i Atheno AS
- Europsatsing i lag med Haugalandet?

## 5.2 Prosjektutvikling

Samarbeidsrådet ønsker å vera proaktive i dei moglegheitene som ligg i prosjektutvikling

Samarbeidsrådet har sidan etableringa i 1981 gjennomført ulike prosjekt. Ein del av prosjekta har vore gjennomført ved bruk av administrasjonen, andre ved at det har vore tilsett prosjektmedarbeidarar. Dei fleste prosjekta har vore næringsutviklingsprosjekt, andre har vore innan planarbeid.

Kommunane har og moglegheiter innan prosjektutvikling, og dette kan aukast opp både i kommunale prosjekt og mellom kommunane. Ordninga med skjønsmidlar hjå fylkesmannen stimulerer til dette. Det er også midlar til innovasjon i offentleg sektor gjennom Forskningsrådet og Regionalt forskningsfond.

### Prioritert arbeid i 2021

Utvikla nye prosjekt. Vidareutvikla Bu i Sunnhordland? Havregionen Sunnhordland/Haugalandet? (havvind)

## 5.3 Havbruk i Sunnhordland

Hordaland har lenge vore det største fylket i landet innan oppdrett av laks og aure, og står for 52% av aureoppdrettet i landet. Ein stor del av denne produksjonen skjer i Sunnhordland.



Regjeringa har avgjort at norskekysten skal delast inn i 13 produksjonsområder. Det betyr endringar for dei fleste aktørane. I Sunnhordland er det frå før ein sonestruktur som skal kombinerast med ny nasjonal områdestruktur, marine verneområde, Kystsonerplan for Sunnhordland, verneplan for vassdrag mm. Næringa har både utfordringa og moglegheiter, men er avhengig av lokal forvaltning. Samarbeidsrådet må difor ha dialog med aktørane for å vera oppdaterte.

### Prioritert arbeid i 2021

- Gjennomføra ein temadag med næringsaktørane i 2020.
- Arbeida politisk for at ikkje planar legg unødige hindringar for vekst og utvikling i næringa.

#### **5.4 Blått kompetansesenter i Austevoll**

Blått kompetansesenter er det neste store steget i å vidareutvikle den havbaserte nærings- og kompetansekynga i Austevoll. Senteret er eit samarbeidsprosjekt mellom Havforskningsinstituttet (HI), Hordaland fylkeskommune, Austevoll kommune og ei rekkje private aktørar i kommunen. I tillegg er det medverknad frå etablerte klynger utanfor kommunen.

Gjennom 2018 er det gjort nokre tilpassingar i prosjektet. Bustadkomplekset vil bli forsøkt realisert på Storebø, og blir sett i samanheng med tettstadsutviklinga av kommunesenteret. I dette blir det òg sett på om andre funksjonar også bør plasserast på Storebø, og i nærleiken av andre offentlege funksjonar og tenestetilbod, eller om det skal plasserast ved skule og forskingsstasjon på Sauganeset. I 2020 vil det bli stifta driftsorganisasjon i samarbeid mellom private og offentlege aktørar.

Blått kompetansesenter vil medverke til å styrke Hordalands posisjon innan dei viktige framtidsnæringane marin og maritim næring. Prosjektet vil medføre auka opplæring i kommunen: I tillegg til dagens dekksoffiserutdanning er det aktuelt også å tilby maskinoffisersutdanning til Austevoll. Universitet i Bergen, som har vore lokalisert i Austevoll i nokre år, er også interessert i å utvide verksemda si i Austevoll, blant anna i samarbeid med HI. Prosjektet har heile vegen hatt brei støtte frå næringslivet i Austevoll som medverkar i finansiering av planleggingsarbeidet.

##### **Prioritert arbeid i 2021**

- Støtte opp om arbeidet. ???

#### **5.5 Energi og climateknologi**

##### **Merkevarebygging av Sunnhordland/Haugalandet som den leiande Havregionen i landet.**

Maritim og marin sektor representerer viktige næringar i Sunnhordland. Bedriftene er framoverlent og utviklar kontinuerleg nye teknologiar og løysingar. Gjennom klynga NCE Maritime CleanTech og Norwegian catapult centre Sustainable Energy, har bedriftene i regionen vorte ein spydspiss nasjonalt og internasjonalt innan nullutsleppsteknologi.

Anayse utført av Menon Economics i 2020, viser at utbygging av to storskala havvindparkar på 500 MW ved Utsira Nord kan gi verdiskaping på 13 milliarder og gi arbeid til 12 000 personer. 6500 av disse kan tilfalle Haugalandet og Sunnhordland.

Hydrogenprosjektet i Kvinnherad er eit av fleire spanande utviklingsprosjekt. Bedrifter i Sunnhordland er og langt framme innan hav vind, og kan ta ei leiande rolle i denne utviklinga.

Desse, og fleire satsingar er med på å bygga Sunnhordland som Havregionen i landet!

##### **Prioritert arbeid i 2021**

Aktivt bygga merkevare Havregionen, og på den måten bidra til å fremma næringslivet i regionen. Bygge bru mellom Sunnhordland og Haugalandet, som vil føre til ein enda meir attraktiv region både for næringsaktørar og jobbsøkande.



### 5.5.1 Bussen i Sunnhordlandsbassenget

Gjera snøggbårutene betre tilpassa reisebehovet, slik at transporten vert mest mogleg effektiv for dei reisande. Sunnhordlandsbassenget må reduserast som barriere og igjen etablerast som ei viktig transportåre. Fastlandsamband over Sunnhordlandsbassenget er eit urealistisk mål innafor planperioden fram til 2025, i staden må det tenkjast nytt i høve til sjøtransport.



Næringslivet har teke på seg store nasjonale utbyggingsoppgåver i olje og gass-sektoren, og må kunne stille krav til arbeidsmarknaden rundt verksemdene vert best mogleg tilgjengelege med offentlege transportmidlar. Snøggbåten bør bli "Bussen i Sunnhordlandsbassenget".

*Sjøtransporten må knytast opp mot terminalar i sentrumsområda og gode omstigningspunkt mellom ferje, buss og snøggbåt. (Utdrag Fylkesdelplan for Sunnhordland)*

### Prioriterte oppgåver 2021

- Få på plass ei kartlegging og analyse av framtida behov innan august 2021.
- Gjennomføra eit forprosjekt saman med Maritime Clean Tech å sjå om det er mogleg å tilpassa Urbane Water Shuttle til Sunnhordlandsbassenget.
- Dette prosjektet bør sjåast i samanheng med Kvinnherad sin Fjord Metro prosjekt.

### 5.6 Statlege arbeidsplassar til Sunnhordland

Statistikken syner at det frå 2004 har vore ein sterk nedgang i statlege arbeidsplassar i distrikta. Dette sjølv om det har vore gjennomført utflytting av statlege etatar frå Oslo. Gjennom statlege organiseringar har Sunnhordland mista statlege arbeidsplassar. Samarbeidsrådet må difor arbeida for å sikra dei som er att.

Det er no eit auka fokus på utflytting av statlege institusjonar, og Sunnhordland må vera proaktive for å vera med vurderinga for lokasjonar. Regjeringa arbeider no for at statlege tilsette kan jobba via «huber» i distrikta. Koronapandemien har vist samfunnet, at mange statlege jobba kan utførast uansett kor ein bur i landet. Samarbeidsrådet må jobba aktivt for å få ein slik «hub» til Sunnhordland.

### Prioritert arbeid 2021

- Arbeida for å behalda dagens statlege arbeidsplassar
- Sikra dei statlege arbeidsplassane i Sandeid
- Vera proaktive for å finna ut kva etatar som skal flyttast ut til distrikta og gjera vurderingar og tiltak for etablering i Sunnhordland.
- Kartlegga kva kompetansefortrinn regionen har i høve til dei arbeidsplassane som skal flyttast ut.
- Marknadsføra og profilera kompetanse og bu kvalitetar i regionen retta mot arbeid for to – buisunnhordland.no
- Støtta opp om kommunale initiativ.
- Følgje aktivt opp regjeringa sin distriktpolitikk, som dei no har delt inn i småbyar og tettstader, ein for kysten og ein for fjell og innland, og sikra regionen ein «hub» for statleg tilsette til Sunnhordland.

## 5.7 Nytt høgrisikofengsel på Vestlandet



Samarbeidsrådet har gjennom fleire år arbeid aktivt for å få etablert eit nytt fengsel i Sveio. Ei slik etablering vil gje mange nye statlege arbeidsplassar, og vera eit positivt bidrag til regionen.

Det vert gjennomført ein KVVU som skal avklara etablering av fengsel på Vestlandet eller i Ålesund.

### Prioritert arbeid i 2021

- Arbeida for at nytt høgrisikofengsel på Vestlandet vert etablert i Sveio.

## 5.8 Anlegg for datalagring i Sunnhordland

**Datalagring** er lagring av elektroniske data, normalt brukt om lagring av trafikkdata frå elektronisk kommunikasjon (telefoni, e-post, internettrafikk). I 2006 vedtok EU eit direktiv – datalagringsdirektivet – som pålegg medlemslanda og EØS-landa å implementera obligatorisk lagring av nærmare angitt trafikkdata frå landa sine tele- og Internet tilbydarar.

Det vert arbeid for å finna eigna områder for datalagring i Vestland i regi av vestland fylkeskommune. Anlegga er arealkrevjande, og stiller etableringar har krav til lokal infrastruktur.

Kvinnherad kommune har starta eit arbeid og ønskjer at regionrådet støtter opp om arbeidet. Erfaringane med slike etableringar syner at det kjem fleire nye arbeidsplassar, og at det vert innovasjon og utvikling av nye i tilknytning til etableringar.

### Prioritert arbeid i 2021

Støtta opp om arbeidet med etablering av anlegg for datalagring i Kvinnherad.

## 6. Bulyst

### 6.1 Omdømmebygging/rekruttering/kommunikasjon


I ei tid med omstilling og med svingingar innan arbeidsmarknaden må ein tenkje langsiktig og framtidsretta. Regionen vil i framtida ha behov for fleire innbyggjarar og meir arbeidskraft.

Difor er omdømmebygging/rekruttering eit prioritert arbeid i Strategiplanen til Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Det er viktig å byggje vidare på det som er gjort sidan oppstarten av omdømmearbeidet i 2012.

I 2021 skal det arbeidast vidare med omdømmebygging og rekruttering innanfor ei utvida målgruppe både internt i og utanfor regionen. Det er viktig å sikra rett kompetanse til arbeidslivet og innbyggjarar til vår felles bu- og arbeidsmarknad.

I dette ligg også ei forståing for at målgruppa i høve til alder strekkjer seg frå ungdom til ung vaksen og at ulike verkemiddel må brukast til ulike målgrupper.



### Mål

Styrkja regionen sitt omdømme som bu- og arbeidsarena og medverka til at Sunnhordland blir oppfatta som ein attraktiv bu- og arbeidsregion, samt gjera det enklare for kommunar og enkeltverksemdar å rekruttera arbeidskraft nasjonalt og internasjonalt. Arbeidet må sjåast i samanheng med prosjektet «Attraksjon Sunnhordland» i regi av Atheno.

### Prioritert arbeid i 2021:

- Kontinuerleg arbeid for å forankra og gjera arbeidet kjent i regionen
- Gjennomføre ulike tiltak
  - Sunnhordlandstreff, digitalt og fysisk
  - Ambassadørtreff
    - samarbeidsbedrifter og kommunar samlast, fokus på relasjonsbygging, kunnskap om og kompetanseheving innan kommunikasjon og omdømmebygging
  - Deltaking på relevante arrangement der ein treff målgruppa
  - Ny Sunnhordlandsfilm som fremjar det grønne skiftet.
- Prioritera kommunikasjonskanalar, oppdatering av visuell profil som når målgrupper
- Sikre finansiering av tiltaka, spesielt via lokalt næringsliv
- Nettportalen [www.buisunnhordland.no](http://www.buisunnhordland.no) skal driftast og byggjast ut
  - Synleggjering av dei ulike bedriftene – aktuelle artiklar om medlemsbedriftene
    - Levande innhald med månadlege oppdateringar av artiklar og/eller nyhende frå bedriftene og kommunane
    - Synergjar til andre digitale kanalar – innhaldet kan brukast på fleire flater
    - Gode bilde frå intervjuar
    - Nye hovudbilete til nettportalen
  - Sikre at portalen er brukarvennleg med gode visuelle løysingar på dei mest brukte sidene
  - Oppdatering og forbetring av bedriftsoversyn
  - Produksjon av relevant og bredt innhald som treff ei utvida målgruppe
    - T.d. intervju med unge tilflyttarar, unge gründerar, studentar og andre aktuelle personar.
  - Promotere nytt innhald i dei digitale kanalane.
  - Sikre at sidene er godt synlege hjå søkjemotorar
    - Arbeide med innhaldet teknisk
- Drift, produksjon, oppdatering og vidareutvikling med relevant innhald av andre digitale kanalar der ein når målgruppa, og samstundes skape auka synlegheit for Bu i Sunnhordland

- Facebook
- Instagram
- Snap – take over

## 7 ANNA

### 7.1 Miljøsertifisering av kommunane

Som ein del av arbeidet med «Merket for berekraftig reiseliv» har kommunane vedteke å miljøsertifisera rådhusa. Blant kommunane i regionen var det pr 31.12.2020 berre Stord kommune som var miljøfyrtårnsertifisert. Prosjektleiari er Jon Eirik Kvalnes i Stord kommune.

Tysnes kommune, Bømlo kommune og Fitjar kommune blir sertifisert Q1 2021. I løpet av Q2 2021 blir resterande kommunar sertifisert.

#### Prioritert arbeid i 2021

- Sikra framdrift i prosjektet med mål om at alle åtte kommunane er sertifiserte innan utgangen av juni 2021
- Rapportere prosjektet til Vestland fylke.

### 7.2 Prosjekt mot forsøpling Skal me jobba aktivt vidare med å søke midlar???

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har sett seg som mål å rigga eit prosjekt mot forsøpling i Sunnhordland. Det er sett saman ei brei samansett ressursgruppe med sentrale aktørar som har sagt seg vi ljuger til å ta ansvar for utarbeiding av ein strategi og handlingsplan mot forsøpling i Sunnhordland.

I regionen føregår det mykje godt arbeid med rydding, særleg i strandsona. Prosjektet er ikkje tenkt som ei erstatning for dette gode arbeidet.

Gjennom stiftinga Hold Norge rent har gruppa fått god informasjon og gode kontaktar for vidare arbeid. Det må gjennomførast ei kartlegging i Sunnhordland med fokus på kva som alt er på plass for å finna kor det er behov for å iverksetje tiltak. I tillegg skal arbeidet ha søkelys på haldningar.



Arbeidet skal ha eit langsiktig perspektiv

#### Prioritert arbeid i 2021

- Utarbeida ein strategi og handlingsplan mot forsøpling i Sunnhordland
- Søkja
- om finansiering av arbeidet mot forsøpling
- Sikra ei koordinering av arbeidet